

Visepsykiatri

Stein Torleif Bjella

Eg ha møtt folk på veg opp.
Eg ha møtt folk på veg ned.
Eg ha alder stoppa opp
før eg møtte deg. Eg ha trakka på bloma
sliti asfalten ned.
Siti sundt ein sofa
før eg møtte deg. No må eg starta med noko
eg bi borte i
so eg slepp å tenkji på deg
Noko eg bi borte i
visepsykiatri.
Eg ha prøvd is i magjin
eg ha prøvd med å le.
Men når eg tek att augun
ser eg berre deg. Eg ha klivi høgt te fjells
og sprunge heile vegen ned
sjølv når eg er langt te skogs
ser eg berre deg.
No må eg starta med noko
eg bi borte i
so eg slepp å tenkji på deg
Noko eg bi borte i
visepsykiatri. Og eg må låte, som små akvarella
rosa og lyseblåe, måneskinnskvelde.

Lyrics provided by <http://www.1songlyrics.com/>